



Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 Oslo

Kontakt saksbehandlar

Annette Fosså, 51 56 89 20

## Uttale - Konsesjon - Bjerkreim - Espelandsfossen - bygging Espeland kraftverk

### Bakgrunn for saka

Espeland Kraftverk AS søker om løyve til å bygge Espeland kraftverk i Espelandsfossen i Bjerkreimsvassdraget. Inntaket skal plasserast under sjølve Espelandsfossen, der det er ein kulp danna av eksisterande skogsbilveg. Frå inntaket på kote 271 skal vassvegen gå i ei ca. 350 m lang røyrgate fram til kraftstasjonen på kote 182. Den øvste og bratte delen av røyrgata vil gå i dagen, medan resten skal gravast ned. Middelvassføringa i elva er 648 l/s. Det er planlagt ei maksimal slukeevne i kraftverket på 512 l/s. Saman med ein installert effekt på 0,4 MW vil dette ifølgje søknaden gje ein årleg middelproduksjon på om lag 1,85 GWh. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 70 l/s heile året. Espeland er del av Bjerkreimsvassdraget som er verna gjennom supplering av verneplan for vassdrag frå 2005. Vassdraget har store verdiar knytt til biologisk og geologisk mangfald, landskapsbilete, friluftsliv og kulturmiljø.

### Statsforvaltaren si vurdering

Når det gjeld ansvarsartane kulegråmose og fjellhutremose (NT), trivst kulegråmosen i skuggefulle område med generelt høg fuktigheit og har eit stort nedslagsfelt nasjonalt. Bortfall av dette konkrete habitatet vil difor i mindre grad påverke den nasjonale bestandssituasjonen til arten.

Fjellhutremosen (NT) er i hovudsak mest utbreidd nær tregrensa, men kan spreie seg nedover langs elver og fuktdrag. Dersom den trekker nedover, er arten meir assosiert med vatn, som i dette tilhøvet. Arten er i all hovudsak trua av framtidige klimaendringar som gjer at arten blir utkonkurert av andre artar som bevegar seg oppover i fjellet.

Den raudlista naturtypen *elvevannmasser* (NT) vil bli påverka negativt av planlagde tiltak i ei grein av vassdraget som ikkje er påverka av vasskraftutbygging i dag. Sjølv om fossen som landskapselement skal stå urørt, vil bortleiing av vatn nedanfor føre til ei habitatendring som kan valde skade ved at artar som naturleg oppheld seg i området i dag forsvinn. Eksempelvis fuktkrevjande artar av kryptogamar og fossekalen, som vil få betydeleg forringa habitat.



Tiltaksområdet ligg innanfor det nasjonalt viktige landskapsområdet «*Bjerkreimselva: Ytre Vinjavatn - Eikjevatnet - Fotlandsvatnet*»<sup>1</sup>. Det varierende landskapet med innsjøar, fossar, stryk og stilleflytande parti blir her tillagt stor vekt. Her må dei nye inngrepa vurderast opp mot dagens inngrep i området, for å kunne fastslå om inngrepa samla sett blir for store å akseptere innanfor eit verna vassdrag slik som Bjerkreimsvassdraget.

Med helsing

Tage A.T. Eriksen (e.f.)  
fagleder natur

Annette Fosså  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune  
Bjerkreim kommune  
Dalane vannområde

Postboks 130  
Postboks 17

4001  
4389

Stavanger  
Vikeså

---

<sup>1</sup> Vakre landskap i Rogaland. 2009. Stavanger turistforenings årbok 2009. 247 s.